



Hagellia 6, 5914 Isdalstø - nordhordland.rotary.no - nordhordland@rotary.no

## Alver kommune

### Innspel til høyring om oppretting av prisar til kultur, idrett og frivilligheit

Nordhordland Rotaryklubb har ikkje ei samla meining om kva modell som kan vera den kommunen bør gå for, men klubben har sidan 1991 hatt sin eigen pris – *Kvardagshelten* – som vi vonar kan vera nyttig for kommunen å ha kjennskap til i den pågåande prosessen.

*Kvardagshelten* kan vel best definerast å liggja ganske nær opptil det ein frivilligheitspris vil femna, og kan i så måte ha ei viss interesse i handsaminga opp mot ein slik pris. Vedlagt er klubben sine statuttar for prisen.

Klubben har sidan starten i 1986 hatt heile området, som no er Alver kommune, som sitt nedslagsfelt, med medlemar frå heile dette området. Prisen vart innstifta i 1991, og har sidan vore delt ut annakvart år. Frå og med 2019 har klubben vedtatt å ha ei årleg utdeling.

I arbeidet med å finna fram til nokon som oppfyller krava i statuttane, vert medlemane bedt om å fremja kandidatar, der klubbstyret i siste instans tek avgjerd om kven som skal få prisen, som regel etter innstilling frå ein komite med dette ansvaret.

Utdelinga skjer vanlegvis ved ei sosial tilstelling i klubben, der også lokalavisene er invitert, og det er vanleg at vinnarane får ein omtale i avisa. Vinnar får då ein sjekk på 5000 kroner og ein diplom.

Vedlagt er grunngjevingane for dei to siste tildelingane – 2017 og 2019. Utdelinga for 2020 er utsett p.g.a. Covid-19. Klubben gjer ikkje navnet på prisvinnaren offentleg før sjølve utdeling skjer.

Nordhordland Rotaryklubb er registrert i Foreningsportalen under denne adressa:  
[alver.foreningsportal.no/forening?id=307143](http://alver.foreningsportal.no/forening?id=307143)

Øystein Wiik, president

Tlf. 90692664

[owiik@bkkfiber.no](mailto:owiik@bkkfiber.no)

**Vedlegg:**

- Statutter
- Grunngjeving 2017
- Grunngjeving 2019